



NORCONSULT AS AVD OTTA
Skansen 2E
2670 OTTA

Vår ref
2021/1587-5

Deres ref

Saksbehandler
Ingunn Moen Helland
909 90 488
ingunn.moen.helland@vaga.kommune.no

Dato
10.02.2023

Referat frå møte 03.02.2023 vedr. ønske om oppstart av detaljregulering Smedsmojordet

Til stades frå forslagsstillar:

- Norconsult, Line Brånå Bergum
- Coop Ottadalen, Egil Barhaugen
- Coop Ottadalen, Rune Fossmo

Til stades frå kommunen:

- Pål Inge Sanden (kommunalsjef)
- Estin Blessom (ingeniør byggjesak)
- Steinar Løkken (prosjektleder)
- Ingunn Moen Helland (plan- og miljørådgjevar)
- Aashild Lauvsnes Øren (konsulent innleigd av Norconsult i masterplanarbeidet)

Bakgrunn for møte

Vågå kommune har fått dokument for varsel om planoppstart frå Norconsult, for gjennomsyn og kommentar. Med bakgrunn i dette ønskte kommunen møte med forslagsstillar for gjensidig oppdatering sidan oppstartmøte var halde 19. august 2021. Plansaka var til drøfting i regionalt planforum i 14.09.2021. Her kom det m.a. klare forventningar til at planarbeidet må sjåast i samanheng med igangsett stadutviklingsarbeid, og det vart minna om styrka jordvern.

Postadresse:
Edvard Storms veg 2
2680 Vågå

Besøksadresse:
Edvard Storms veg 2, 2680
Vågå

Org.nr: 939 607 706
Heimeside:
www.vaga.kommune.no
E-post:
postmottak@vaga.kommune.no

Telefon: 61 29 36 00
Bankkonto:
2085 07 70000

Orientering

Kommunen orienterte om at det blir planlagt for igangsetting av arbeid med områderegulering for Vågåmo som planavklarar aktuelle tiltak for heilskapleg flomsikring av Vågåmo. Det er ut frå innleiande arbeid lagt opp til at Vågåmo sentrum vil inngå i områdereguleringa.

Masterplan for stadutvikling vil vere eit innspel inn i dette planarbeidet. Masterplanarbeidet er delt i 4 fasar. Innleigd konsulent presenterte hovudtema og tilrådde strategiar. Arbeidet er nå i slutfasen, planutforming. Arbeidet har fokusert på fem hovudtema; overordna plangrep og uteromstruktur, fortettingsmoglegheiter og bustadutvikling, mobilitet, grønstruktur og Vågåmo som arrangements-bygd og innfallsport til Jotunheimen. Forslag til strategiar er m.a. å konsentrere ny utvikling av sentrumsfunksjonar kring eksisterande sentrumskerne, stadutvikling på dei mjuke trafikantane sine vilkår, knyte saman uterom og målpunkt, aktiviserte grønstruktur og "byromsvev".

Om detaljregulering Smedsmojordet

Området framfor/ved kulturhuset er eitt av dei områda der det i masterplanen skal arbeidast med vidare detaljering. Det vil vere nødvendig, både for kommunen og forslagsstillar, å sjå planarbeidet på Smedsmojordet i samanheng med dette, for å finne best mogleg løysingar. Avkjørsel og trafikkale blant forhold som må ivaretakast.

Kommunen viser til oversendt forslag til utvida plangrense og ber om at denne blir lagt til grunn ved oppstart av planarbeid. Oppstartvarsel må i varsel om oppstart også kunngjere oppstart av utbyggingsavtale, jf. referat frå oppstartmøtet. Det vil ikkje kunne gjevast løyve til tiltak på området før området er flomsikra og tilfredsstillande sikkerheit er ivareteke, noko planarbeidet må ta høgde for.

Styrka jordvernstrategi set krav om høg arealutnytting når dyrkajord blir teke i bruk til utbyggingsformål, og at dyrkajorda blir teke vare på ved nedbygging. Det er i utkastet til oppstartvarsel vist eit forslag til situasjonsplan for utbyggingstomta, og forslagsstillar ønskjer med dette å få attendemeldingar frå høyringsinstansane tidleg i planarbeidet. Kommunen tek dette til orientering, men stiller spørsmål ved om krava arealutnytting av dyrkamarka er godt nok ivareteke i skissa, og meiner også planarbeidet må sjå nærare på sambruk av avkjørsler frå Vågåvegen. Dette må avklarast nærare i planarbeidet.

Vi viser elles til referat frå oppstartmøtet og ønske om dialog undervegs i planarbeidet.

Ingunn Moen Helland
Plan- og miljøvernrådsgjevar
(ref.)

Dokumentet er elektronisk og sendes utan signatur.

Vedlegg